

Lokalhistorisk Arkiv i Fusa (LAF)

Fusa har eit lokalhistorisk arkiv som er knytt til Fusa Folkebibliotek. Arkivet er ei samling med ulike typar munnleg og skriftleg kjeldemateriale og foto. Størstedelen er samla inn i samband med bygdebokarbeidet i Fusa 1998-2008.

Det er samla inn mest lagsarkiv, men òg nokre privatarkiv og bedriftsarkiv (som meieri). Lagsarkivsaminga omfattar møtebøker m.m. etter losjar, ungdomslag, bondelag, idrettslag, sanitetslag, kristelege foreiningar, musikklag, kor, politiske parti, kulturminnelag, lærarlag, mållag, skoglag, Nei til atomvåpen, skyttarlag, husmorlag, Stiftinga Vinnesholmen, treskjelag, Sævareid kartongarbeiderforening og handelslag.

Det er òg henta inn kjeldemateriale utanfrå (kopiar) frå sentrale arkiv som Statsarkivet, Norsk Etnologisk Gransking (NEG) og Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek.

LAF har kopiar av kjelder eller artiklar om ei rekkje emne med lokal tilknytning:

1905, amtmannsberetningane, avisa "Strilen", barnehagar, biografisk materiale, botanikk, bygdesongar, dialekt, fauna, folkeminne, folkemusikk og folkesongar, folketal, fornminne, gamal gardsskipnad, gards- og grannesamfunnet, geologi, handverk, helsestell, husflid, husmannsminne, kulturgeografisk registrering, kommunepolitikk, kongedømet Fusa, kraftutbygging, krigsminne, kulturminne, kyrkjene, lagsliv, lokale tekstar (songar, dikt, prologar), matrikkel, meieri, minnemateriale, naturhistorie, "Norske gardsbruk", næringsliv, politiske parti, reiseskildringar, samferdsel, seterbruk, skuleaviser, skuleoppgåver, slektshistorie, telefon, vassdrag og ymse.

<p>Ta kontakt med Fusa Folkebibliotek dersom de ønskjer ei liste over arkivmaterialet eller er på jakt etter spesielle kjelder.</p>
